

Surnadal 20.- 23. mai

# Vårsøghelga 2010



# PROGRAM

Gode publikum, hjarteleg velkomne til Vårsøghelga 2010!

Vi har alt starta opp!

Laurdag 17. april gjesta Smøla Janitsjar oss med eit forrykande show. Kulturopplevinga fekk fram dei gode frysningane på ryggen, slik berre kultur kan!

Torsdag 20. mai startar årets Vårsøghelg for fullt, med eit svært innhaldsrikt program. Dagane fram mot søndag vil innehalde eit stort mangfald av kulturelle opplevingar, noko som er svært viktig for oss i laget Vårsøg.

Kultur gjev livskraft til både menneske og samfunnet vårt. Kultur har ein klar eigenverdi, ut over kulturen sine førebyggjande, bevarande og utviklende funksjonar. Kulturen skal vere ein av motorane som tilfører oss entusiasme, skapartrong og livskvalitet.

Det er mykje å gle seg til i Vårsøglanet desse dagane, og du kan lesa om alt som skjer i programmet du no held i handa. Eg vil oppfordra deg til å investere i eit helgapass, til kr. 575.- Då får du bli med på alt som skjer denne helga til ein svært god pris. Betre investering kan du ikkje gjera denne våren!

Arbeidet fram mot Vårsøghelga har



vore spesiell for oss i laget Vårsøg i år. Sist haust gjekk vår daglege leiar Margrete Seter brått bort. Margrete etterlet seg eit stort tomrom. Heile styret har verkeleg stått på for å komme i mål med denne Vårsøghelga. Sjølvsagt i tett samarbeid med Henning Sommerro. Utan Henning, inga Vårsøghelg!

På vegne av oss i styret, vil eg håpe at du tek for deg av alt det kulturhelga vår har å by på. Hjarteleg velkommen til Surnadal og Vårsøghelga 2010!

*Bergsvein Brøske,  
styreleiar*

## Vårsøgskjorta 2010



2010-utgåva av Vårsøg-skjorta er i brunt og har utdrag frå motiv av Vårsøgkunstnaren Elling Reitan. Skjortene er i god bomullskvalitet og i fleire storleikar. Pris kr. 150,-



**Boots apotek Brekkøya Camping b.younq®**



**EIK  
SENTERET**

Vi er der når du trenger oss



*Vi er med og  
gjer dette mogleg!*



## TORSDAG 20. MAI

### **18.00: Opning Vårsøgutstillinga – Kulturhuset, Galleri Finstuå**

Surnadal kunstforeining med nok ei spanande utstilling. Vårsøgkunstnar i år er Elling Reitan. Aimee Leonard trio og kulturskulen deltek også under opninga.

### **18.20: Kakelag – Kulturhuset, Foajeen.**

Vårsøglauget spanderer blautkake, det er berre å forsyne seg!

### **19.00: Fotoutstilling – Vassrett ved vegen, på gjerdet rundt kulturhuset**

Fotoklubben si utstilling har vatn som tema.

### **20.00: VANNstemt – Kulturhuset, Storstuå**

Trondheimskoret Cantus med Henning Sommerro som gjest, presenterer "VANNstemt". Dette er ei unik konsertoppleveling der rørsle og lyd er vevd i kvarandre, og som gir publikum høve til å oppleve kormusikk på ein annsleis og nyskapande måte.

Billettpris kr 200,-/100,-

## FREDAG 21. MAI

### **11.00: Underhaldning til Eldre Hjelper Eldre – Kulturhuset, Svorka**

Ein del av tanken bak Vårsøghelga er å gje eit kulturtildob til mange grupper. I høve av at det i år er 100 år sidan Bjørnstjerne Bjørnson døydde, har Edvard Hoem skrive biografi om diktaren og samfunnsbyggjaren. Hoem kjem til Eldre Hjelper Eldre med sitt engasjerte kåseri, der tilhøyrarane blir kjent med Bjørnson både som kunstnar, politikar, ektemann og far. I tillegg les skulelevar dikt, og Aimee Leonard trio spelar. Billettpris kr 50,-

### **11.00: Barneforestilling for barnehagane:**

### **Historia om elefanten Babar - kulturhuset**

Historia blir lest av ein skodespelar frå Teatret Vårt, medan Blåsekvintetten frå Operaen i Kristiansund spelar musikken.

### **13.00: Skuleforestilling for ungdomstrinnet**

Edvard Hoem kåserer om diktarhøvdingen og samfunnsdebattanten Bjørnstjerne Bjørnson.

### **14.00 - 15.00: Minikonsertar - Surnadal Sparebank og Svorka Energi AS**

### **17.00: Korpskonsertar – Sjukeheimen og Torget**

Surnadalskorpsa markerer Vårsøghelga med konsertar. Skulekorpset ved sjukeheimen kl. 17.00, medan hornmusikken har konsert utanfor kulturhuset kl. 17.30.



*HammerStuene*

Industriservice  
Frode Øyane

**KIWI** mini  
pris

# 20. - 23. mai

## **19.00: Kleivakvelden**

Ingen Kleivakveld utan Henning Sommerro og John Pål Inderberg! Med seg i år har dei trønderrockar Terje Tysland, folkesongar Unni Boksasp, forfattar Edvard Hoem, jazzfiolinist Ola Kvernberg, folk/rock-musikar Aimee Leonard, operasongar Maija Skille og MGP jr.-aktuelle Torstein Snekvik frå Kvanne. Diktopplesing og prisutdelingar, mellom anna av Kleivaprisen, hører også med.

Billettpris kr 200,-/100,-

## **21.00: Kultursjå og gjestebod – Pubkveld, Kulturhuset, Foajeen**

Etter at Kleivakvelden er ferdig, opnar dørene klokka 21.00 til pubkveld. Der deltek artistane frå Kleiva, og sørger for endå meir kultur, trivsel og stemning denne pinsehelga.

Billettpris kr 250,-

## **LAURDAG 22. MAI**

## **10.00: Ny utgåve av "Vårsøg. Dikt i samling" – Kulturhuset, Foajeen**

Surnadal Heimbygdlag gjev ut "Vårsøg. Dikt i samling" i ny og spanande utgåve. Nye dikt har komme til, andre er tekne ut. Sverre Hatle, Styrkår Brørs og Svein Sæter presenterer samlinga av Hans Hyldbakk sine dikt.

## **10.30-ca. 13.00: Dialektseminar – Kulturhuset, kinosalen**

Tor Erik Jenstad kjem til Vårsøghelga for å halde dialektseminar. Sunndalingen som no bur i Trondheim er språkforskar, ordbokredaktør og folkemusikar, og har vore mykje brukta som ekspert i "Språkteigen" på NRK2. Ikkje minst er han kjent for "Skjellsordboka" frå 1991, som vart så populær at den vart revidert og gjeve ut på nytt både i 1992 og 1999. Billettpris kr 100,-/50,-

## **12.00-16.00: Krigsminnesamlinga – Åsen**

Krigsminnesamlinga på Åsen er open for publikum. Sal av mat.

## **13.30: For Gud og kvarmann – Øra bedehus**

Sokneprest Torbjørn Brøske, Oppdal Mannskor med dirigent Svein Asphaug Dørum og barnekoret Jubilate under leiing av dirigent Oddveig Helset Halle.

Billettpris kr 100,-/50,-

Laurdagsprogrammet fortsett på s. 6

**LAURDAG 22. MAI - FORTS.****16.00: Tonar i blomsterland – Svinviks arboret**

Straumsnesgjeldingen Unni Boksasp og hennar orkester lanserer plate, og byr på rivande og tøffe tolkingar av tradisjonelle songar frå Nordmøre. Oppdal mannskor med variert repertoar.

Billettpris 200,-/100,-

**18.00: Full vreng i teltet - Rockekonsert ved Kulturhuset**

Surnadal-bandet Batteri var frå før kjent for andrepllassen i Melodi Grand Prix jr. I mars platedebuterte dei unge musikarane, og vart belønna med første plass på Trondertoppen. Under årets Vårsøghelg deler dei scene med Halsa-gruppa Hazel Band, som tidlegare i år vart plukka ut til å representere Møre og Romsdal og Norge under den svenske landsfinalen i ungdomsmønstringa Musik Direkt. Også Slopes, Trøkk og Mgp jr. aktuelle Torstein Snekvik stiller for å skape rockestemning i teltet.

Billettpris 100,-/50,-

**SØNDAG 23. MAI****11.00: Pinsegudsteneste – Stangvik kyrkje**

Dersom været tillet det, er det håp om at kyrkjebåtane kjem til Stangvik.

**Frå kl 12.00: Matservering i Bondehuset, Stangvik**

Godt påfyll mellom gudsteneste og kyrkjekonsert i Bondehuset som ligg cirka 300 meter frå kyrkja.

**14.30: Jentesprang og jenteklang - Stangvik kyrkje**

Den tradisjonsrike kyrkjekonserten byr også i år på ei imponerande rekke aktørar. Magnhild Frydenlund Brøske har for første gong konsert i heimbygda etter fleire år i Paris. Operasongaren Maija Skille deltek, og Nidarosdomens Jentekor under leiing av dirigent Anita Brevik blir akkompagnert av Henning Sommerro på orgel. Billettpris 250,-/100,-

**19.30: Karra og kvinnfolk. Mmm....! – Kulturhuset, Storstua**

Svein Sæter er programleiar for kulturvelden som rundar av årets Vårsøghelg. Tekster av Margrete Seter blir framført av Førkjånn, og på programmet står også Maija Skille, Trygve Brøske, Sverre og Randi Hatle, John Pål Inderberg akkompagnert av strykarar fra Trondheim. Billettpris 150,-/75,-





## Terje Tysland

Trekkspelaren, gitaristen og vokalisten har heilt sidan tida med Namsos-bandet Prudence tidleg på 70-talet, vore ein av trønderrocken sine frontfigurar. Ei nærast uendeleg rekke med konsertar, dansespelingar og rundt 20 plater har gjort Terje Tysland til ein av dei mest populære, fargerike og seigliva artistane i Norge. Rockaren og rebellen kjem fram i festklas-sikarar som "Ka e du så gla fær" og "Send mæ en øl". Men du finn også den ettertenksame, djupe og reflek-terte Tysland i songar som "Kjærlig-hetsvise", "Fly med alle vindan" og "Heile livet". Den samfunnsengasjerte rabulisten og livsnytaren ga i fjar ut si 21. soloplate, "Liddeli gla", og har framleis ein stor tilhengarskare – ikkje minst i Midt-Norge.



### Fredag 21. mai

Kleivakveld på Kleiva kl. 19.00  
Pubkveld på kulturhuset kl. 21.00



## Edvard Hoem



Edvard Hoem vart fødd i 1949 i Fræna, og fekk sitt gjennombrot som forfattar med romanen "Kjærleikens ferjereiser" i 1974. Karriera er mang-faldig, og omfatter så vel salmedikting, bibelhistorier og Shakespeare-

gjendikting som EU-motstand og medlemskap i AKP-ml. Hoem har vore teatersjef ved Teatret Vårt i Molde og husdiktar og dramaturg ved Det Norske Teater i Oslo. For "Kjærleikens ferjereiser", "Prøvetid" (1984), "Ave Eva" (1987) og "Mors og fars historie" (2005) vart han innstilt til Nordisk Råds litteraturpris. For "Mors og fars historie" mottok han dessutan Mel-somprisen og Petter Dass-prisen, og han vart også innstilt til Kritikarprisen for denne romanen. Bøkene hans er selde til ni land.

### Fredag 21. mai

Underhaldning til "Eldre hjelper eldre" i kulturhuset kl. 11.00  
Kleivakveld på Kleiva kl. 19.00



**TROLLHEIM  
VEKST AS**

- Mennesket i sentrum -

**T. SYLTE BIL**

6650 Surnadal - Tel 71 66 08 84



**UNHJEM  
Gull & Sølv**

**Ivar Øverlie**

**Fredag 21. mai**

Kleivakveld på Kleiva kl. 19.00  
Pubkveld på kulturhuset kl. 21.00

**Laurdag 22. mai**

Tonar i blomsterland,  
Svinviks Arboret kl. 16.00

**Unni Boksasp**

Unni Boksasp er folkesongar, komponist og arrangør frå Straumsnes. Ho er utdanna ved Kungliga Musikhögskolan i Stockholm og ved Høgskolen i Telemark, og er no busett i Tinn i Telemark som fulltids musikar. Folkesongen frå Nordmøre er kjerne-repertoaret, med Magnhild Almhjell som den viktigaste kjelda. For tida er ho engasjert i sitt eige Unni Boksasp Ensemble, som består av Jorun Marie Kvernberg og Olav Luksengård Mjelva på ulike feler, Magne Vestrum på kontrabass, Trygve Brøske på trøorgel, Petter Berndalen på perkusjon og Unni Boksasp sjølv på song og zitter. CD-en "Keramello" blir lansert under Vårsøghelga.

**Ola Kvernberg**

Den 28-årige jazzfjolinisten frå Fræna er kjent for sitt virtuose stringswing-spel og internasjonale opptredenar. Ola Kvernberg byrja å spele folkemusikk som liten gutt, oppdaga jazzmen som 16-åring og utdanna seg ved Jazzlinja på NTNU i Trondheim. Det store gjennombrotet kom under Djangofestivalen i 2000, da han gjorde ei spontanframføring med Hot Club de Norvège og sørga for at heile salen kom i kok. Ola Kvernberg har seinare gjeve ut fleire plater, både saman med andre, som soloartist og med Ola Kvernberg Trio. På scena er han ofte kledd i dress og spisse sko, og brukar å levere eit fyrverkeri av musicalitet og energi.

**Fredag 21. mai**

Kleivakveld på Kleiva kl. 19.00  
Pubkveld på kulturhuset kl. 21.00



## Maija Skille

Mezzosopranen Maija Skille frå Levanger vart i desember i fjor utesaminert frå Sibelius Akademiet operaskole i Helsinki med beste karakter. Ho har tidlegare også studert ved Musikkonservatoriet i Trondheim og Barrat-Due Musikk-institutt, og har dei siste åra gjort fleire viktige roller. Mellom desse er Polinesso i Händels "Ariodante", Zita i Puccinis "Gianni Schicchi" og Fidalma i Cimarosas "Il matrimonio segreto". Maija Skille har også utmerka seg som ein artist med stor spennvidde. Ho komponerer, har eit repertoar som går frå barokk til Broadway og blir omtala som eit stort scenisk talent.



### Fredag 21. mai

Kleivakveld på Kleiva kl. 19.00  
Pubkveld på kulturhuset kl. 21.00

### Søndag 23. mai

Kyrkjekonsert i Stangvik kl. 14.30  
Kulturveld på kulturhuset kl. 19.30



### Torsdag 20. mai

Opning Vårsøgutstilling kl. 18.00

### Fredag 21. mai

Underhaldning til "eldre hjelper eldre" på kulturhuset kl. 11.00.

Kleivakveld på Kleiva kl. 19.00

Pubkveld på kulturhuset kl. 21.00



## Aimee Leonard

Ein internasjonal Melodi Grand Prix-vinnar gjestar Surnadal! Den respekterte folk/rock-musikaren Aimee Leonard frå Orknøyene var nemleg med i backingbandet da irske Eimear Quinn vann den internasjonale finalen i Oslo i 1996 med songen "The Voice". Aimee Leonard syng og spelar bodran (tromme), og var på 90-talet medlem av den britiske gruppa Anan – som gjorde seg populær med sin miks av folkemusikk, jazz og blues. Saman med trioen sin framfører ho folkrock og folkemusikk frå Orknøyene og Shetland.



**Enge Blomster**  
BLOMSTER + BINDERI

**comfort**  
SURNADAL VARMÉ & SANITÆR AS

**KVANDE & NORDVIK**  
Møbelfabrikk AS

**Kårvatn**  
**Fjellutstyr**



**Søndag 23. mai**

Kyrkjekonsert i Stangvik kyrkje  
kl. 14.30



## Nidarosdomens Jentekor

Nidarosdomens jentekor vart stifta i 1992, og er eitt av fem kor som tilhører Nidaros domkirke. Koret står for høg kunstnarleg kvalitet og stor musikalsk spennvidde. Jentekoret deltek aktivt i Nidarosdomens gudstenesteliv, og held eigne konserter i og utanfor kyrkja. I tillegg kjem også turnear, konkurransar, festivalar, fjernsynsproduksjonar og samarbeid med mellom andre TrondheimSolistene, Kringkastingsorkesteret og Sissel Kyrkjebø. Koret har totalt cirka 75 medlemmer fordelt på ei jentegruppe og ei ungdomsgruppe.



## Magnhild Frydenlund Brøske

Pianisten Magnhild Frydenlund Brøske (29) er opprinnlegeg frå Stangvik, men bur og studerer no i Paris. Under årets Vårsøghelg kjem ho på besøk til heimbygda for å presentere eit variert utval av klassiske og moderne komposisjonar under kyrkjekonserten søndag. Magnhild har bachelor frå Griegakademiet i Bergen, og har hatt fleire prestisjefylte og varierte opptrødenar. Ho har mellom anna hatt konserter på Troldhaugen, opptrådt på Griegfestivalen i Arendal og i Münster, Tyskland og delteke på De Unges Konserst med Bergen Filharmoniske Orkester. Ho har også spela i orkester med framføringar av det



berømte "Carmina Burana" av Carl Orff, jazzsuite nr. 2 av Shostakovich og "Cinderella" av Tarnopolski med BIT 20 Ensemble og Helge Jordal. Og ikkje minst vart Magnhild tildelt Gullmedaljen i solistklassen til pianist François Chaplin i 2007 ved Conservatoire National de Région de Versailles.

**Søndag 23. mai**

Kyrkjekonsert i Stangvik kyrkje kl 14.30



**MIKKELSEN MASKIN**  
maskinentreprenør  
6650 SURNADAL

**møbel-fiske**

SURNADAL A/S – TLF 71 65 77 90

**NORGESHUS**  
Byggfirma  
Olav Haugen as



**Norsk Luft as**

LUFTEFILTRER • VVS-PRODUKTER



## Batter

Dei unge musikarane frå Surnadal slo igjennom i 2008, da dei kom på andre plass i Melodi Grand Prix jr med "Tenke nå". Hans Olav Settem (vokal, gitar), Stein Boge (gitar), Sondre Skogseth (bass), Brage Kristian Einum (keyboards) og Oddbjørn Sponås (trommer) ga tidlegare i vår ut debutalbumet sitt, som både sikra dei første plassen på Trøndertoppen og god plassering på VG-lista.

**Laurdag 22. mai**

Rockekonsert i teltet ved kulturhuset kl. 18.00



## Hazel Band

Rockegruppa Hazel Band frå Halsa består av ungdommane Øyvind Hassel Weiseth (vokal/gitar), Martin Sandvik Gjerde (vokal/gitar/piano), Lars Henrik Brynhildsen Baarset (bass) og Pål Lindsetmo (trommer). På bakgrunn av bandet sin gode innsats under årets Ungdommens Kulturmønstring, vart dei plukka ut til å representer Norge i Musik Direkt i Uddevalla, den største konkurransen i Sverige for unge band.

**Laurdag 22. mai**

Rockekonsert i teltet ved kulturhuset kl. 18.00



## **Elling Reitan**

Fødd i 1949 i Trondheim, og har opprinnelig utdanning innan litteraturhistorie og filosofi. Natur og idrett har også alltid vore sentrale verdier for Reitan. I perioden 1982-87 var han elev hos Odd Nerdrum, og han har gått i grafikkklære hos Bjørn Sverbo. Sedan debuten i 1987, har Elling Reitan hatt ei mengde separatutstillingar over heile landet samt fire utstillingar i New York. Han har også delteke på kollektive utstillingar i Norge, USA, Canada, Singapore og Østerrike.

No hører han til blant dei mest etterspurte kunstnarane i landet, og var mellom anna "Årets Nobelkunstner" i 2000 og "Peer Gynt-kunstner" på Vinstra i 2005.

Blant Reitan sine varemerke er sterke fargar og ikkje minst strekkparet Yin og Yang. Det karakteristiske paret dukka opp i Reitan sine bilete i 1987, og er no mesta like viktig som hans eigen signatur!

Kunstnerisk har Reitan funne uttrykksforma si i ein kombinasjon av det abstrakte og det naturalistiske - med element frå surrealismen.

Inspirasjon til motivval kjem ofte frå filosofien eller litteraturen, men òg frå draumar og fantasi. Bileta er ofte prega av lengt, og han brukar mange teikn og symbol - mellom anna kors, englar og sverd.

Originalen til Vårsøgmotivet i år (sjå måleriet på førstesida av programmet) er det 105 x 105 cm store "Ankomst", som inngikk i utstillinga "Son Sun Magic's magiske verden" på Galleri Pingvin i Oslo før påske.

## **BILLETTBESTILLING:**

### **HELGAPASS:**

Invester i ei heile Vårsøghelga for kun 575,-

Billettar kan kjøpast i resepsjonen på Vårsøg Hotell og Surnadal kulturhus

Tlf. 71 65 73 08 - eller på [billettluka.no](http://billettluka.no)

[www.varsoghelga.no](http://www.varsoghelga.no)

